

PROTOKOLL - ÅRSMØTE I BYGDELAGET HAVGLIMT 9.3.2024

Sak 1 Valg av ordstyrar

Helen Rognsøy vart valt som ordstyrar.

Sak 2 Valg av sekretær

Sigrunn Hellebust vart valt som sekretær.

Sak 3 Valg av 2 medlemmer til å underskrive protokoll

Svein Arne Bjørkedal og Gerrit Van Duijn.

Sak 4 Årsmelding siste kalenderår

Det vart vist Årsmelding vart presesentert, der flg. vart kommentert;

- Det er inngått nye avtalar med Kinn kommune vedr. bruk av uteområde. Denne avtalen skal tinglysast.
- Kystverket har gitt løyve til å bygge platting og plassere bålpanne på kai.
- Det blir installert fiber på skulen

Tilhøve bygdelag/skule

- Kommunen ynskjer å avhende avtalen om skulen, men er klar over at gjeldande avtale ligg til grunn. Kommunen ber Bygdelaget vurdere alternativ bruk av skulen.
- Som eit tiltak for å imøtekomme kommunen vil bygdelaget sette inn 2 varmpumper for å få ned driftsutgifter. Det er innvilga støtte til ei varmpumpe på kr. 29.000 frå SPV Ildsjelfondet.
- Bygdelaget har innhenta pris på montering av 2 varmpumper, tilbod på dette er kr. 58.000. I tillegg kjem kostnader med tilrettelegging av strøm. Kommunen har ca. kr. 72.000 i året i strømutgifter, dette er i hovedsak til oppvarming. For å redusere desse utgiftene, tilrår bygdelaget å montere desse varmpumpene.

Årsmøtet bevilga kr. 40.000 til investering av varmpumper.

Innvilga søknader for 2024:

- Sparebanken SFF – kr. 100.000 til leikeplass
- Mowifondet – kr. 20.000 til flytebrygge
- Eiendomsmebler Vest – kr. 10.000 til benker/bålpanne
- Sparebanken Vest – kr. 29.000 til varmpumper
- Sparebanken Vest – kr. 10.000 julegåve
- Sparebankstiftinga SFF – kr. 25.000 lys ballbinge
- XL Bygg – kr. 10.000 maling til kjøkken

Sak 5 Regnskap siste kalenderår

Vart gjennomgått av Ole Herman Rognsøy;

Resultat 2023

	Beløp
Inntekter	500.000
Utgifter	300.000
Overskudd	200.000

Balanse 2023	Pr 01.01	Pr 31.12
Eigedelar	90.000	70.000
Bank	450.000	670.000
Sum egenkapital	540.000	740.000

Sak 6 Styrets arbeidsprogram

Sak	Forhold
Utleie av skule	Reglar for utleie og prisar. Oppslag på skule og info på facebook-side.
Plenklipping og grasklipper/hageredskap uteområde skule	Hageredskap er kjøpt inn. Grasklipper virker ikkje
Stupebrett	Saka må avklarast av neste styre. Skilt: bading på eige ansvar (ikkje montert) Redningsbøye er bestilt. Landgang skal monteres.
Flytebrygge	Søknad Movi på kr. 20.000 som er innvilga. Materiell er kjøpt inn. Saka må ferdigstillast av neste styre.
Venterom	Maling og skifte av hengsler er utført.
Gjestecamping	Det er bestilt vanntrommel og slange. Det blir ordna uttak via vaskerom.
Arrangement utanom Bygdelaget – nye regler	Saka må ferdigstillast av neste styre. Medlemmer som arrangerer kafe ol, skal betale på leige på kr. 500. Lokalet skal vere vas etter bruk. Info om faktura på kr. 2000 dersom dette ikkje er utført.
Skifte av golv toalett og vaskerom	Kasper skal gi pris, ønske om spesifisert pris pr. rom. Arbeid på dugnad blir riving av gammalt belegg.
Maling av bord benker	Ref. eiga sak på årsmøtet.
Biljardbord	Vært malt ifm Rek i land
Vedlikehald skule	Kjøpt brukt og står i skulen
Facebook side for betalende medlemmer	Ref. eiga sak på årsmøtet. Det er oppretta facebook-side for betalende medlemmer.

Sak 7 Medlemskontingent

Forslag til endring:

«Årleg kontingent for 2025 er for medlemmer kr.150. Medlemmer under 15 år kr. 50».
Årsmøtet vedtok endringa.

Forslag til vedtektsendring: *«medlemmer som har fylt 15 år har stemmerett».*
Årsmøtet vedtok endringa.

Digital avstemming, fullmakter og betaling av medlemskap

Saka må utgreiast av nytt styre, og leggest fram på neste årsmøtet.

Sak 8 Valg av formann

Per Bjarte Reksten – 1 år

Sak 9 Valg av styremedlemmer og vara

Jon Bjarne Korneliussen – 2 år

Ann-Kristin Helle Brandsøy 2 år

Hilde M Didriksen Andersson 2 år

Vara:

Ole-Hermann Rognsøy – 1 år

Eva Cecilie Rognsøy – 1 år

I noverande styre er Per Reksten og Ørjan Rognsøy. Desse 2 er dermed ikkje på valg.

Styret vel sjølv nestleiar.

Sak 10 Valg av revisor

Knut Ullaland og Eli B. Riise.

Sak 11 Valg av valgkomitè

Jan Roar Rognsøy

Tom Erik Bjørnsen

Tore Bjørnsen

Sak 12 Andre saker på dagsorden

- a) Årsmøtet vedtok å auke handlingsrommet til styret frå kr. 10.000 til kr 15.000.
- b) Oppussing av kjøkken
XL bygg sponser maling på inntil kr. 10.000.
Årsmøtet vedtok at styret kan kjøpe 2 traller.

XL Bygg har sponsa maling og utstyr til ein verdi av kr. 10.000. I tillegg ynskjer ein å skifte benkeplate, ny vask med større kum og spyledusj, samt skifte sokkel.

Det vart stilt spørsmål om det er kapasitet til dugnad på kjøkken i tillegg til dugnad på leikeplass. Dugnad på kjøkken er tenkt utenom utleigesesong.

- c) Skifte av golv på toalett, dusjar og vaskerom:
Den Danske Maler har gitt pris på kr. 56.000 inkl. mva.
Dette vil kreve eigeninnsats/dugnad som gjeld fjerning av dagens golvbelegg. Romma vil opprettholdast som våtrom.

Styret får fullmakt til å iverksette prosjektet dersom det er økonomisk forsvarleg.

- d) Utelys: dette gjeld nordsida og ved inngang til skule.
Styret får fullmakt til å jobbe vidare med saka.

Sak 13 Ta avgjørelser i saker utenom dagsorden som årsmøtet har vedtatt å ta opp til behandling

Prosjekt samlingpunkt for barn og unge

Kim Gunnar Jensen og Ole Herman Rognsøy informerte.
Presentasjon er publisert på bygdelaget si medlemside.

Materialvalg til leikeplass/apparat er vedlikeholdsfritt, dette vil kun kreve årleg vask. Pga at leikeapparat er kostbart er det mulig at dette må settast opp i 2 fasar. Grunnarbeidet vil skje i ein del. Gapahuk i kombinasjon med scene, er planlagt med oppstart haust 2024.

Heidi og Steinar har gitt gåve på kr. 300.000 til gapahuk. Gapahuk vil kun kreve materialkost, og det er gjort avtale med Flora vgs om bygging. Flora vgs. bygger og klargjer gapahuk, mens montering vil vere på dugnad. Det kom innspel på at det må leggest inn strøm i gapahuk.

Det vil bli gitt informasjon undervegs i prosjektet på medlemside på facebook.
Løyve frå kommunen er gitt. Å sette opp leikeapparat er ikkje søknadspliktig, og gruppa skal sjekke om det er søknadspliktig å sette opp gapahuk.

Det er sendt fleire sponsorsøknader til dette prosjektet.

Bygdelaget øyremarka i 2023 kr. 200.000 til prosjektet.

Likviditetsoversikt:

Likviditetsoversikt						
	Q2 2024	Q3 2024	Q4 2024	Q1 2025	Q2 2025	Q3 2025
Utbetalingar						
Gapahuk						
Grunnarbeid	25 000					
Byggesett		100 000				
Andre utgifter		6 250				
Leikeklass - del 1						
Grunnarbeid	50 000	16 000				
Byggesett	305 000					
Andre utgifter	9 000	21 000	30 000			
Leikeklass - del 2						
Byggesett					160 000	8 000
Andre utgifter						
Sum utbetalingar	389 000	143 250	30 000	-	160 000	8 000
Innbetalingar						
Bygdelaget ****	200 000					
Privat bidrag	100 000	200 000				
Tilskot*	100 000	-	100 000		100 000	
Likviditet	11 000	67 750	137 750	137 750	77 750	69 750

Årsmøtet vedok å frigi øyremerka midlar på kr. 200.000.

Årsmøtet vedtok i tillegg å tildele inntil totalt kr. 360.000. Dette er inklusiv dei kr. 200.000 som vart bevilga i 2023.

Bygdelaget påtar seg dermed risiko dersom ein ikkje får nok sponsormidlar. Heidi er villig til å diskutere ytterlegare midlar til finansiering av «samlingspunkt for barn og unge».

Rognaldsvåg, 9.3.24

.....
Svein Arne Bjørkedal

.....
Gerrit Van Duijn